



Øbolle frå midten av 1800 og gamal vinflaske frå Moseldalen

**Drik og vær frydig,
takk Gud og vær lydig,
i takken vær dydig**

Denne oppmodinga er å finna langs kanten på ølbollen frå 1843 som skal auksjonerast bort laurdag i Helgheim. Bollen er ein av over 200 gjenstandar som den importerte auksjonarius ropar ut på dei 6 timane auksjonen skal vare. Det teiknar til å bli ein verkeleg storauksjon - i regi av Lise, Severin med fleire, som det heiter i plakatane.



Kinne og kar som er 'hauggamle'

Øbollen er truleg ein av dei mest interessante gjenstandane, likeeins ei gamal vinflaske frå Moseldalen. Samlarar har ellers fatta interesse for ein radio frå Hitlertida og fleire kister der den eldste skriv seg frå 1700-talet.



[Flere dokker blir lagt fram](#)

Ellers er det berre å nemna nokre døme i fleng: Tutgrammofon, symaskin, knivar med bølv på slira, kaffikverner for butikk, 100 år gamle åkler, måleri, bokser og spann, lamper, grammofonplater, høvre for hest, poststav med fløyte og avis-stativ, 100 år gamal kaffekvern, kuffert av svinelær, Amerikatrunk, amerikansk gyngestol, nattbord og mykje koppar og kar.

Første utrop blir klokka 12 etter ein times visning og så går det bokstaveleg tala slag i slag ved den importerte auksjonarius fram til klokka 18. Kanskje får han problem med å koma gjennom alt,

men det avheng av kor villige folk er til å gje bod.
Dei kan millom slaga slappa av i kjellaren der det er servering.

Dette er ein auksjon bygd på kommisjonsprinsippet slik at kvar enkelt som har levert inn gjenstandar får summen med frådrag av ein liten prosent til arrangøren.



[Eksklusiv kuffert](#)

Etter kva vi høyrer må ein minst attende til 1990-talet for å finna ein tilsvarande auksjon i dette området. Kanskje får han karakter av folkefest?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Knivar og kaffekvern som er minst 100 år